



Politidirektoratet  
Postboks 8051 Dep  
0031 OSLO

Vår ref.  
16/1248-18

Dykkar ref.

Arkiv  
K2 - X31

Dato:  
09.03.2017

**Melding om vedak - Endringar i inndeling i lensmanns- og politistasjonsdistrikt og tenestestadar i Vest Politidistrikt -Klage på vedtak.**

Askvoll kommunestyre har i møte 8. mars, sak 11/17 gjort følgjande vedtak i saka:

Askvoll kommunestyre sluttar seg til innhaldet i klaga slik den går fram av saksutgreinga.

Uttalen frå Askvoll kommune følgjer vedlagt.

Med helsing

Inger Johanne Helle Breidvik  
arkiv- og sekretariatsleiar

*Direkte tf.:57 73 07 06*



Arkiv: K2 - X31  
JournalpostID: 17/1633  
Sakshandsamar: Melvær, Frida  
Dato: 23.02.2017

## Saksframlegg

Saksnr. utval	Utval	Møtedato
011/17	Kommunestyret	08.03.2017

### **Endringer i inndeling i lensmanns- og politistasjonsdistrikt og tenestestadar i Vest Politidistrikt -Klage på vedtak.**

#### **Ordfører sitt framlegg til vedtak:**

Askvoll kommunestyre sluttar seg til innhaldet i klaga slik den går fram av saksutgreiinga.

#### **08.03.2017 Kommunestyret**

#### **Handsaming:**

Røysting - samrøystes:

Ordfører sitt framlegg vart vedteke.

#### **KOM-011/17 Vedtak:**

Askvoll kommunestyre sluttar seg til innhaldet i klaga slik den går fram av saksutgreiinga.

### **Kva saka gjeld:**

Politidirektoratet si avgjerd for kommunar som blir råka av ny tenestestruktur kan påklagast til justis- og beredskapsdepartementet i medhald av forskrift 2016-06-22-815. Frist for å klage er sett til 10. mars 2017.

Klaga skal vere skriftleg og begrunna, og skal seie noko om kva endringar i avgjerda som kommunen ønskjer eller om kommunen ønskjer avgjerda heilt eller delvis oppheva på grunn av tilhøve ved sakshandsaminga.

### **Saksutgreiing:**

Askvoll kommune har saman med nabokommunane, Fjaler og Hyllestad, deltatt aktivt i prosessen med politireforma. Kommunane har lenge sett at dagens organisering ikkje er fullverdig eller god med tanke på innbyggjarane sin tryggleik. Særleg knyter dette seg til vakt og beredskap utanom lensmannskontoret si opningstid. Som i mange andre små kommunar med store avstandar til politiet si lokalisering for vakt og beredskap, opplever vi eit fråverande politi på ettermiddag, kveld, natt, helg og høgtid. Vi ser også at lokale lensmannskontor kan verte sårbare ved sjukdom og ferieavvikling. Av den grunn har vi hatt ei konstruktiv, open og positiv haldning til Politireforma/Nærpolitireforma. Vi har utelukkande sett den som ei mogelegheit til forbetring, og har lagt stor vekt på *å spele på lag*. Vest politidistrikt har følgd opp kravet til informasjon til- og dialog med kommunane, og har synt velvilje til å møte kommunane også utanom dei faste styringsgruppemøta som har vore.

Kommune Askvoll, Fjaler og Hyllestad har opplevd eit godt samarbeid med lokale lensmenn i regionen (Askvoll/Fjaler, Hyllestad og Førde) og Vest Politidistrikt gjennom prosessen. Kommunestyra i dei 3 kommunane har vore samde om at vi kan slå saman dei 3 lensmannskontora vi har i dag, dersom vi får ei betre vakt og beredskapsordning gjennom heile døgnet.

Askvoll kommune er svært nøgde med dialogen vi har med vår lokale lensmann, og opplever låg terskel for kontakt begge vegar. Vi er samde om at denne dialogen vil kunne oppretthaldast sjølv om kontoret i Askvoll blir lagt ned.

### **Askvoll kommune finn ikkje grunn til å klage på prosessen, sakshandsaminga eller organiseringa av framtidig struktur.**

Når vi likevel vel å klage er det grunngeve med uro kring vakt og beredskap og innhaldet i det nye lensmannskontoret lokalisert til Dale/Fjaler.

#### Mobil løysing:

Ei lokalisering i Dale vil bety at nær halvparten av kommunen sine 3065 innbyggjarar ikkje kan nå kontoret dersom dei ikkje har eigen bil. Kollektivtilbodet mellom Askvoll og Dale er svært avgrensa og heng ikkje saman med td. ferjeavgangar eller bussruter frå krinsane. Nær 900 av kommunen sine innbyggjarar er busette på øyar. 430 av desse har 60 minutt ferjetur til kommunesenteret, Askvoll + 20 minutt biltur til Dale. Til Førde tek det 2 timar frå dei ytste øyane.

Av den grunn har Askvoll kommune bedt om at kommunen får tilgang til mobil løysing. I tabellen på s. 23 i dokumentet står det at 3023 innb. i Askvoll vil få 20 minutt til næraste tenestestad, Dale. Dette stemmer ikkje. Det er 20 minutt til Dale frå kommunesenteret Askvoll. Interne avstandar gjer til at for mange innb. vil det gå opp mot- eller langt over 45. minutt.

### **Askvoll kommune vil fasthalde mobli løysing som eit minimumskrav for ein kommune med store interne avstandar og avgrensa kommunikasjon.**

#### Vakt og beredskap:

Vi ser ikkje ut frå den nye organiseringa eit tydeleg pålegg om at vakt og beredskap skal bli vesenteleg betre enn dagens organisering. Vakt samarbeidet i tenesteeininga ser ut til å bli vidareført som i dag, men med færre tenestestadar. Med dette som utgangspunkt har vi erfaringar som tilseier at vår kommune/region også i det vidare vil få mangelfull vakt og

beredskap utanom kontortid.

Intensjonen i Nærpolitireforma er at vi skal kunne forvente eit meir synleg og tilgjengeleg politi også ute i distriktskommunane.

Vi vil minne om at driftseininga Sunnfjord er svært stor i utstrekning og har krevjande geografi. Avstanden til tenestestaden Førde og til andre tenestestadar innanfor eininga er så stor at vi ikkje ser korleis krava til responstider kan bli innfridd for vår del. Den einaste tenestestaden som delvis kan nå våre innbyggjarar innan responstidskrava er Dale. Førde kan berre nå mindre delar. Vi opplever innhaldet som lite forpliktande for kommunar og område som fell utanom 90% kravet. Vi har ei reell uro for at vår kommune og regionen vil bli ein del av den 10% som ikkje vil oppleve forbetringar med den nye organiseringa av tenestestadar og tenesteeiningar. Dersom det einaste vi oppnår er å slå saman dei 3 lensmannskontora, finn vi stor grunn for å klage på den nye organiseringa.

Vi understrekar følgjande tekst:

*Politikontaktene ved tjenesteenhetene eller beredskapskontakten ved de nye geografiske enhetene vil få i oppdrag å utarbeide lokale planer for hvordan politipatruljen raskt kan ta seg frem til steder med vanskelig tilkomst, slik at målene for responstid opprettholdes. Fra politimesteren sin side er det en forutsetning at politiet sine lokale beredskapsplaner som angår kommunene blir presentert i de nye politirådene, og videre at politiet lokalt følger opp samarbeid med lokale beredskapsaktører.*

Sidan dialogmøta med Vest politidistrikt har beredskapssituasjonen for Askvoll endra seg monaleg. Helseforetaket har vedtatt å legge ned ambulansetenesta i kommunen frå 2018. Dvs. at ambulansestasjonen m/bilar blir flytta til Dale og ambulansebåten, som har fungert som ein samfunnsbåt for alle beredskapsetatar, blir lagt ned og flytta til øykommunen Solund. Med dette bakteppet vil all effektiv samhandling mellom naudetatane, politi, brann og redning og ambulanse, bli dramatisk svekka.

Askvoll kommune er utsett for ekstremver, rasutsette- og stengde vegar, lange ferjestrekningar utan heildøgns opningstid og krevjande/utsette havstykke/farleder med stor båttrafikk. Næraste redningsskøyter er plassert i Gulen og Vågsøy –heilt sør og nord i fylket. Kystkommunen Askvoll, som er den største kommunen i regionen HAFS og den største øykommunen i Sogn og Fjordane, vil i framtida ikkje ha alternative båtar som kan takast i bruk når situasjonar krev det. Dette er ei utfordring som vi enno ikkje ser løysinga på og som framstår som svært krevjande sett frå kommunen si side. Lokalt politi ser også med stor uro på denne situasjonen. Vi går frå eit godt og effektivt samarbeid til ei fragmentert organisering utan mogelegheit til rask respons, samhandling og samordning. Vi vil understreke at denne båten har vore avgjerande ved nær alle større beredskapshendingar i kommunen dei seinare åra.

- Leiteaksjonar i sjø og strandsone
- Redningsaksjonar/havari/brann i/på sjø
- Større og mindre brannar på øyane
- Ved andre alvorlege hendingar der naudetatane har rykt ut saman eller kvar for seg.

Ut frå denne situasjonen er det enda meir avgjerande enn før å ha tilstadeverande politiberedskap i nærleiken. Slik saka står no blir kommunen hjelpelaus i å ta ansvar for å hantere alvorlege hendingar langs farleia, på øyane og evt. isolerte bygder på fastlandet frå 2018.

**Askvoll kommune opprettheld kravet om heildøgns vakt og beredskap innanfor regionen Askvoll, Fjaler og Hyllestad.**

**Vi opprettheld kravet om at tenestestaden Dale får utgjere eit eige vaktområde.**

**Vi ber i tillegg om at det blir vurdert, frå politiet sin ståstad, korleis samhandlinga med kommunale etatar og mellom naudetatane skal føregå i framtida for Askvoll sin del, og korleis vi effektivt skal kunne agere for å handtere hendingar på øyane og redningsaksjonar/leiteaksjonar langs-, på- og i sjø.**

**Vedlegg i saka:**

20.12.2016

Tilråding til ny struktur for Vest politidistrikt

144417

20.12.2016	Politimesteren i Vest pd. - tilråding tjenestestader 2016	144418
20.12.2016	Vedlegg åpningstider	144419
20.12.2016	Epostvedlegg - Tilråding til ny struktur for Vest politidistrikt	144416
13.01.2017	Beslutninger om endringer i lokal struktur - Vest politidistrikt	145739
13.01.2017	Epostvedlegg - Beslutninger om endringer i lokal struktur - Vest politidistrikt	145738